



Skjåk kommune

FYLKESMANNEN I INNLANDET
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Vår ref
2020/175/12/K47

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Edel Kveen

Dato
28.07.2020

edel.kveen@skjaak.kommune.no

Rovvilt - forvaltning og Sortingsvedtak

Eg viser til fleire år med store tap for beitelaga i Skjåk. Det er dokumentert stor aktivitet av jerv og fire ynglingar i vinter. Same som bestandsmålet for heile region 3. Jervebestanden i sone 3 har over fleire år vore over, og mot det dobbelte av vedteke bestandsmål. Frustrasjonen er stor, og fleire gardbrukarar vurderer no å avslutte saueholdet. Spesielt er det stor frustrasjon over manglande svar på søknad av ekstraordinære uttak på vinterstid. Tilgrensande område som Møre og Romsdal har òg stor aktivitet av jerv som fører til ekstra belastning for beite i Skjåkfjella. På grunn av rasfare i vinter har det vore vanskeleg å dokumentere jerveynglingar vestover, sone 6, men det er meldingar om stor aktivitet av jerv og jervespor.

Tap av beitedyr til jerv er dokumentert i sommar, beitebrukarane fryktar resultatet for sommaren. Eg ber Fylkesmanen og leiar av Rovviltnemnda om eit møte med Mattilsynet, Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet for å drøfte situasjonen for landbruksnæringa og rovdyr i Skjåk.

For ordens skyld legg eg ved korrespondanse mellom politisk leiing og Miljødirektoratet på denne saken.

Med helsing

Edel Kveen
Ordførar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Kopi til:
Leiar for Rovviltnemnd

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096

